

Gol barnehage (Utval for Kultur og Levekår)

Kommuneplanen sin tekstdel – om Gol barnehage

Visjon: «Gol barnehage – starten på eit godt liv»

Utvikling

- Utviklinga i samfunnet krev at barnehagen arbeider målretta med utvikling av sosialt samspel og språkutvikling
- Gol kommune skal vera blant dei fremste i landet når det gjeld læringsmiljø og kunnskapsutvikling
- Gol kommune skal vera eit sentrum for spennande kunnskapsbedrifter og kreative fagmiljø.

Læringsmiljø

- God grunnutdanning og livslang læring skal sikre velferd og livskvalitet for innbyggjarane i kommunen
- Eit godt barnehage- og skuletilbod skal sikre kvalifisering til vidareutdanning og yrkesliv/arbeidsliv
- Det skal leggjast til rette for eit inkluderande læringsmiljø med rom for mangfald slik at alle kan oppleve meistring, utvikling og vekst i eit stimulerande miljø
- Gol kommune skal leggja til rette for kompetanseheving for alle sine tilsette

Barnehageplassar

- Alle barn har rett på barnehageplass. (Vidare enn i Lov om barnehagar, som gir barn født innan 31.08. og har søkt til hovudopptaket rett.)

Kompetanseheving og fagmiljø

- Gol kommune vil arbeide for at kunnskapsbedrifter og fagmiljø skal kunne etablere seg i kommunen
- Kommunen vil vera med å leggja til rette for at vidareutdanning og kompetanseheving skal vera tilgjengeleg for alle
- Gol kommune skal leggja til rette for kompetanseheving for alle sine tilsette.

Gol barnehage

- Kvar barnehage skal vere tilrettelagt for læring og utfalding - både i ute- og inne-miljøet
- Det skal vere kvalifisert personale
- Det skal vera god tilgang på pedagogisk materiell
- Barnehagen skal fremje nære og gode relasjonar mellom barn-barn og vaksen-barn
- Gol barnehage skal leggja vekt på tidleg innsats.

Ansvarsområda som er med – storleik på avd. og fråvær 2015 (%) 53,6 årsverk (31.12.2015)

Ansvar	Ansvarsbegrep	Evt. endringar	Fråvær 2015	Fråvær 2014
3130	Gol barnehage administrasjon		0,3 %	4,2 %
3132	Vesterhuset barnehage	Frå august 2014 overteke Fagerlund bhg	6,1 %	6,0 %
3133	Breidokk barnehage		10,8 %	5,8 %
3134	Rotneim barnehage		3,0 %	1,7 %
3135	Åsgardane barnehage		6,2 %	7,5 %
3136	Øygdane barnehage		0,9 %	0,8 %
3137	Hallingmo barnehage		7,6 %	18,1 %
3138	Fagerlund barnehage	Frå august 2014 overført til Vesterhuset	-	1,9 %
			2,15 stilling vakanse2015 ¹	5,7 %

¹ Vakanse på bakgrunn av redusert barnetal – snitt år
Noko auka spes.ped./støttebehov; 80 % har refusjon frå anna kommune.

Fordeling – rekneskapsartar (alle tal i heile 1.000 kr)

Tekst	R 2014	Just B2015	R 2015
Sum driftsutg.	32.240	32.059	33.491
Sum driftsinnt.	-7.338	-5.969	-8.038
Netto finansutg.	172	0	-297
NETTOUTG.	25.074	26.090	25.156

Fordeling – nettoutgift pr. ansvar (alle tal i heile 1.000 kr)

Ansvar	R 2014	Just B2015	R 2015
Barnehageadministrasjon	3.289	3.465	3.459
Vesterhuset barnehage	5.590	6.422	6.535
Breidokk barnehage	5.078	5.747	5.249
Rotneim barnehage	3.189	2.935	3.119
Åsgardane barnehage	2.010	2.497	1.982
Øygdane barnehage	2.660	2.778	2.689
Hallingmo barnehage	2.089	2.246	2.123
Fagerlund barnehage	1.169	0	0
NETTOUTG.	25.074	26.090	25.156

Utvikling løn korrigert for refusjonar sjukefråvær (heile 1.000 kr)

	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Netto-løn	24.313	26.100	27.032	27.324	28.005	28.611

Avvik – fråvær og rekneskap

Fråvær

- Fråvær i 2015 var på 6,1 % i barnehagane. I 2014 var det 5,6 %. Fem barnehagar har hatt langtidsfråvær på totalt 10 tilsette som ikkje er arbeidsrelatert, men denne type arbeid har ført til lenger rekonvalesent for nokon. Gjennomsnittleg korttidsfråvær er stabilt lågt sjølv om det er 0,4 prosent høgare i 2015 til 2,8 %, mot 2,4 % i 2014. Fråvær ved små avdelingar kan gjere store utslag.
- Alle barnehagane har hatt personalmøte med HAVA og NAV med fokus på tilsette sin medverknad, rettigheter og plikter, og korleis kvar einskild kan ta ansvar for å redusere fråveret. Ein barnehage har i tillegg hatt personalmøte med tema om å bruke kroppen rett i arbeidet og bruk av innkjøpte fysiske hjelpemiddel som garderobebenk, hev- og senk stallebord og stolar/trapper..

HMS

- Det er registret 28 avviksmeldingar. 8 avvik gjeld fysisk miljø, 16 avvik gjeld skadar på barn og 4 avvik gjeld skadar der tilsette er involvert. Dei tilsette har tatt avvikssystemet

meir aktivt i bruk frå 2015. Dei fleste skadene på barn er lettare fallskader. Det var inga skade på barn som enda alvorleg.

Rekneskap

- Noko redusert inntekt på brukarbetaling som følgje av nye reglar for moderasjonsordningar frå 01.05.15. (Jf. Forskrift om foreldrebetaling). Ført til endring av vedtektene i kommunestyret.
- Det er nokon utbetringar som er utført utanom budsjett; ny foldevegg i Breidokk, utbetring av foldevegg i Vesterhuset og ny parkeringsplass i Vesterhuset. Montert dør i Rotneim.
- Rotneim, Øygdane og Åsgardane har mindreforbruk m.a. som følgje av redusert barnetal og følgjeleg reduserte lønskostnader.
- Høgt sjukefråvær gjev dobbel utbetaling av sosiale utgifter og dermed noko høgare løn i Breidokk/Hallingmo og Vesterhuset.
- Auke i inntekter skuldast m.a. lønsrefusjon frå anna kommune og lønstilskot frå NAV.
- Totalt er rekneskapen for Gol barnehage positivt.

Mål og måloppnåing 2015 - politiske mål

Politiske mål	Mål i ord	Årsak til avvik
Alle barn har rett på barnehageplass (Frå samfunnsdel kommuneplan)	<ul style="list-style-type: none"> - 100 % har fått tilbod om plass ved hovudopptak; status godkjent i UKL - Alternative konsekvensar med bakgrunn i redusert søkning til barnehage frå august utreda – behandling i kommunestyret førde ikkje til nedlegging, men i staden noko reduksjon ved kvar barnehage - Ny moderasjonsordning på foreldrebetaling for hushaldningar med låg inntekt innført frå 01.05. og 01.08.15. Vedtatt endringar i vedtektene i kommunestyret jf. forskriftsendringa 	
Det skal vere kvalifisert personale i barnehagen	<ul style="list-style-type: none"> - Det skal vere utdanna barnehagelærar i alle pedagogstillingar (redusert barnetal på hausten gjer at det er færre pedagogar med dispensasjon frå utdanningskravet) - Rekruttere fleire menn til barnehagane 	Vanskeleg å rekruttere kvalifiserte menn til stillingane Udir./Kunnskapsdep. har som mål 20 % menn, Gol har 2 %.
Eit godt barnehage- og skuletilbod	<ul style="list-style-type: none"> - Likestillingsplan for barnehagane i Hallingdal godkjent i UKL (Udir./Kunnskapsdep. har krav om at kommunane skal ha en likestillingsplan for barnehagane i kommunen) 	
Fysisk miljø	<ul style="list-style-type: none"> - Manglar fortsatt utberingar av dei tre grendabarnhagane 	Sjåast i samanheng med barnehagestrukturen Jf. krav i Lov om barnehagar, og godkjent tilsynsplan.
Kartleggingstilsyn etter barnehagelova	<ul style="list-style-type: none"> - Alle 6 barnehagane har svart på skjema med kartleggingstilsyn i januar 2015 	

Mål og måloppnåing 2015 - administrative mål

Administrative mål	Mål i ord	Årsak til avvik
Arbeide målretta med utvikling av sosialt samspel og språkutvikling	<ul style="list-style-type: none"> - Prosjektet Felles løft for tidleg innsats steg 1 i barnehagane har styrka tidlegare innsats - Vidareføring av Felles løft i KUPP med vekt på psykososialt miljø og psykisk helse - «Saman i barnehagen» - plan mot utestenging og mobbing godkjent i UKL. I tillegg følgjer det med ei rutine ved utestenging og mobbing 	
Det skal vere kvalifisert personale i barnehagen	<ul style="list-style-type: none"> - Motivere til at assistentar tek fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfag - Plan for kompetanseutvikling i barnehagane i Hallingdal 2015-2020, godkjent i UKL 	
Eit godt barnehage- og skuletilbod	<ul style="list-style-type: none"> - Rapport Felles løft steg 2 godkjent i UKL - Ny plan for barnehage-skule vedtatt i UKL - Gjennomført brukarundersøking med score 5,2 der 6 er høgast oppnåeleg. Godkjent i UKL. Kvar barnehage laga eigen tiltaksplan. 	
Fysisk miljø - inne	<ul style="list-style-type: none"> - Ny foldevegg montert i Breidokk og endring av feil ved foldevegg i Vesterhuset - Satt inn dør mellom avdeling og bad på småbarnsavdeling i Rotneim 	

Fysisk miljø – ute	- Ny personalparkering i Vesterhuset har gitt god trafikktryggleik for barna	
	- Utbetring av uteområde i Vesterhuset bh og Breidokk bh med støtsikre plater under fleire leikeapparat	
	- Sikring av gjerde og portar i fleire barnehagar manglar fortsatt	
	- Riksveg 52 forbi Øygdane barnehage har 80-sone, og det er ikkje fysisk skille mellom gangveg og vegbane langs heile sona. Foreldrerådet har sendt inn klage som ikkje er tatt til følgje. Saka er også tatt opp i samarbeidsutvalet. Saka skal vidaresendast.	
Administrasjon	- Felles leiing som ein fast ordning i Breidokk og Hallingmo godkjent i UKL	

Anna informasjon 2016

Politiske mål	Mål i ord	Årsak til avvik
Barnehageplassar	<ul style="list-style-type: none"> - Lov om barnehagar, endrar rett på plass til også å gjelde barn født innan 31.10. og har søkt til hovudopptaket. Retten gjeld frå den månaden dei fyller eit år - Frå januar 2017 er det søkt plass for 10 nye barn under 3 år. Dette krev tilsetning av inntil 200 % stilling. 	
Foreldrebetaling/reduert inntekt	- Nye endringar i Forskrift om foreldrebetaling vil gjelde frå august 2016. Moderasjonsordninga med 20 timar gratis kjernetid for dei med låg inntekt vil bli utvida til også å gjelde for 3-åringar. Inntektsgraderinga for å få innvilga stønad er også revidert frå 2016	
Tiltak barnehagebygg/ Barnehagestruktur	- Rapport med Enøk-tiltak for barnehagane (som andre kommunale bygg) blei gjennomført i 2015, vidare handsaming i 2016. Dette blir også ein del av vurderinga i samband med framtidig barnehagestruktur/behov for utbetringar av barnehagebygg framover	
Kompetansesatsing i barnehagane	- Ny Stortingsmelding 2015/16 satsar endå meir på kompetanseutvikling av tilsette i barnehagane. Kompetanseplan må reviderast etter desse føringane	

Administrative mål	Mål i ord	Årsak til avvik
Eit godt barnehage- og skuletilbod	<ul style="list-style-type: none"> - Vidareføring av Felles løft og nytt tema i KUPP: Psykisk helse og relasjonsbygging - Real FAGSSATSING i årsplan 	
Spesialpedagogiske tiltak i barnehage	- Gol kommune har ansvar for nytt tiltak med spesialpedagogisk hjelp for fosterbarn plassert i anna kommune	
Folkehelse	- Gjennomføre undersøking om ynskje om naturbarnehage hos føresette og tilsette. Resultatet må bli innarbeida i planar	

HMS	<ul style="list-style-type: none">- Medarbeiderundersøking om psykososialt miljø for medarbeidarane og arbeid vidare med å styrke arbeidsmiljøet- Behov for auke tilgang og bruk av vikarar ved sjukdom og anna fråver for å redusere stress og kunne gjennomføre planer	
-----	---	--

For anna informasjon om den einskilde barnehage sjå www.gol.kommune.no